
Saksnr: 2021/176-7
Saksbehandlar: Hallvard Trohaug

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		14.06.2021

Tilskot til freda kulturminne i privat eige - handsaming av klage

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til fyljande prosjekt:

Søklar	Objekt	Tildeling
Henny Staalnacke	Tingvoll, innvendig istandsetting	15 000
Henny Staalnacke	Tingvoll, drenering	45 000

2. Tilskotet vert dekkja av ubrukte midlar til strakstiltak. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskotet.

Samandrag

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde i sak PS 53/21 vedtak om fordeling av tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 71 til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Det er kome inn to klager på vedtaket. Begge klagene gjeld avslag på søknad frå Henny Staalnacke om tilskot til eigedomen lensmannsgarden Tingvoll i Stryn. På bakgrunn av opplysningar i klagen og ei samla, ny vurdering, vert det føreslått at klagen vert tatt til følge, og tiltaka vert tildelt tilskot på til saman 60 000 kr.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde i sak PS 53/21 vedtak om fordeling av tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 71 til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Det er kome inn to klager på vedtaket. Begge klagene gjeld avslag på søknadar frå Henny Staalnacke om tilskot til lensmannsgarden Tingvoll i Stryn (Kulturminne ID 147050-1) for utvendig drenering og innvendig istandsetting.

1. Utvendig drenering

Søknaden gjaldt tilskot på 97 300 kr av totalkostnad 181 119 kr til drenering av grunnen rundt huset. Differansen mellom søknadssummen og totalkostnaden, på 83 819 kr er i hovudsak eigeninnsats knytt til opprydding i etterkant av tiltaket. Av søknaden gjekk det tydeleg fram at sjølve dreneringa var gjort i november 2020. I søknaden vart dette forklart med auka vassintrenging i kjellaren, og at både eigar og utførande vurderte det som viktig å få arbeidet utført før vintersesongen.

Avslaget vart grunngjeve slik: «Drenering er eit tiltak som kan vere naudsynt for eldre eigedomar uansett vernestatus. Tiltaket er allereie utført og dermed ikkje tilskotsberettiga.»

Søkar klaga på vedtaket om avslag innan klagefristen. I klagen vert det vist til at arbeid måtte utførast med ein gong, då det stod vatn i kjellaren under eit stort regnvêr hausten 2020.

Fylkeskommunen vurderer at kjernesporaålet er kor vidt det at eit tiltak er utført før det vert søkt om tilskot, er grunn nok til å avslå søknaden. Slik fylkeskommunen les dei styrande dokumenta for tilskotsordninga (rundskriv frå Klima- og miljødepartementet mv.), er ordninga retta mot tiltak som er planlagde, men ikkje utført enno. Dette er likevel ikkje direkte formulert, men går fram meir indirekte.

Tiltaket vert i klagen karakterisert som eit hastetiltak. Fylkeskommunen fekk dokumentasjon på at arbeidet var utført på ein korrekt måte. Det er ingen tvil om at dreneringa vil vere med på å ta vare på dei kulturminneverdiane som Tingvoll har. Fylkeskommunen ville mest truleg ha gitt tilskot til tiltaket om det ikkje allereie var utført.

På bakgrunn av desse tilhøva vert det difor føreslått å ta klagen til følgje og gi tilskot til drenering rundt lensmannsgarden Tingvoll. Søknadssummen utgjer tilnærma 100% av samla kostnad. Dette er høgt, jf. føringane om at tilskot skal gå til antikvariske meirkostnader, som normalt ikkje utgjer meir enn 50-70% av totalkostnadene. Det vert også teke omsyn til at tiltaket gjeld eigen bustad og ville ha vore naudsynt òg om eigedomen ikkje hadde vore freda. Difor vert det føreslått eit tilskot på 50 % av totalkostnaden, dvs. 45 000 kr. Tilskotet vert dekkja av ubrukne midlar til strakstiltak.

2. Innvendig istandsetting

Søknaden gjaldt tilskot på 71 500 kr av totalkostnad 101 300 kr til innvendig istandsetting av huset. Differansen mellom søknadssummen og totalkostnaden, på 56 500 kr er eigeninnsats.

Avslaget vart grunngjeve slik: «Eigar har fått tilskot i 2020 for tilstandsundersøking av berande konstruksjonar. Desse er ikkje nytta. Fylkesdirektøren rår difor til at tilskot til ny tapet ikkje blir vurdert før dei underliggande skadane er utbeta.»

Søklar klaga på vedtaket om avslag innan klagefristen. I klagen vert det vist til at arbeid ikkje berre omfatta overflater, men også var ei vidareføring av undersøkingar og istandsettingsarbeidet som var gitt tilskot til i 2020. Tilskottet gjaldt òg installering av innervindauge i andre etasje av bygningen.

Føresetnaden i tildelinga frå post 71 i 2020 var at tilskotet skulle nyttast til å avdekke skadeomfanget i begge etasjane, før ein kunne søke om ytterlegare midlar til istandsetting. Dette er ikkje gjort i 1. etasje. Synfaring på staden viser at det truleg er råteskadar i bærande konstruksjon som det er naudsynt å få avdekka og reparert. Søknadssummen omfattar og ein eksklusiv tapet som erstatning for vass-skada tapet. Tapetet som er vald er ikkje av ein type eller kvalitet som er frå perioden huset vart bygd og vil ikkje kunne reknast som ein tilbakeføring. Fylkeskommunen meiner difor ikkje det er riktig å bruke midlar frå post 71 til dette.

I klagen skriv søklar at istandsettinga vil stanse opp om ikkje dei får ytterlegare midlar.

På bakgrunn av desse tilhøva vert det difor føreslått å ta klagen delvis til følgje og gi tilskot til reparasjon av roteskader i fyrste etasje av lensmannsgarden Tingvoll. Søknadssummen utgjer tilnærma 100% av samla kostnad. Dette er høgt, jf. føringane om at tilskot skal gå til antikvariske meirkostnader, som normalt ikkje utgjer meir enn 50-70% av totalkostnadene. Det vert også teke omsyn til at tiltaket gjeld eigen bustad. Difor vert det føreslått eit tilskot på 50 % av kostnadane til tømrararbeid, dvs. 15 000 kr. Det blir ikkje gitt tilskot til innkjøp av tapet. Tilskotet vert dekkja av ubrukte midlar til strakstiltak.

Vedtakskompetanse

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering: 3 Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

- Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde

Klage på einskildvedtak skal handsamast på ny i vedtaksorganet, før saka vert sendt over til klageinstansen for endeleg avgjerd, jf. Rettleiar i tilskotsforvaltning for avdeling for Kultur, idrett og integrering.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Saka gjeld fordeling av øyremerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

Klima:

Istandsetjing av bygningsarven er eit godt klimatiltak. Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere behovet for nybygg.

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjera vedtak i tråd med framlegget.